

Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

<b>Dykkar ref:</b>	<b>Vår ref:</b>	<b>Sakshandsamar:</b>	<b>Dato:</b>
	2016/2915 - 18884/2016	Kristin Osland Lexow 51963800	10.06.2016

## **Oppnemning av representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest 2017-2019**

Det regionale brukarutvalet blei etablert av styret i Helse Vest RHF i 2002, sak 051/02. Representantar i det regionale brukarutvalet blir utpeikte for to år om gongen. Noverande representantar blei oppnemnde av styret i Helse Vest den 5. november 2014 for funksjonsperioden 2015-2017. Styret i Helse Vest skal oppnemne nytt brukarutval for perioden januar 2017 til januar 2019 i styremøte 2. november 2016.

Brukarutvalet skal mellom anna vere eit rådgivande organ for styret og administrerande direktør i helseføretaka i saker som angår tilbodet til pasientar, brukarar og pårørande, i tillegg til å delta i plan- og utviklingsarbeid og i prosjektgrupper på regionalt og nasjonalt nivå. Brukarutvalet består av 10 representantar, og har om lag 10 møte i året. Brukarutvalet konstituerer seg sjølve på det første møtet for det nye utvalet. Opplæring i brukarmedverknad skjer først og fremst i regi av organisasjonane, men i samband med utnemning av nye brukarutval vil Helse Vest arrangere eit heildagsseminar der det blir gitt opplæring om helseføretaka og deira hovudoppgåver, styrings- og finansieringssystem, lovar og rettar, pasienttryggleik og brukarutvala si rolle.

I styresak 009/12 vedtok styret i Helse Vest følgjande prinsipp for samansetting av det regionale brukarutvala, og desse er som følgjer:

- Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane føreslår til saman seks representantar
- Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) føreslår ein representant
- Fylkeseldreråda føreslår ein representant
- Organisasjonane frå rusområdet føreslår ein representant
- Kreftforeningen føreslår ein representant.
- Det skal også fremjast forslag om vararepresentantar

Organisasjonane skal føreslå ein breiast mogleg representasjon av medlemsmassen, slik at ulike pasientgrupper innan både somatikk, psykiatri og TSB blir representerte. Det er eit berande prinsipp for samansettinga av brukarutvalet i Helse Vest at representantane

ikkje berre representerer sine egne særinteresser, men representerer ein større totalitet av både små og store, svake og sterke pasientgrupper.

Følgjande kriterium skal gjelde for samansetting av det regionale brukarutvalet:

- Brukarrepresentantane skal sjølv ha erfaring som pasient – og/eller pårørande, og bør som hovudregel ikkje vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest.
- For å sikre fornying og kontinuitet er det ein hovudregel at ein representant ikkje sit i meir enn tre periodar samanhengjande i brukarutvalet. Ein brukarrepresentant kan likevel vere vara uavhengig av dette.
- Brukarrepresentantane skal ha god brukarkompetanse. Det er ein føresetnad at brukarrepresentantane har/tek på seg å vere kvalifiserte til å delta og bidra til forbetring gjennom planmessig kompetanseutvikling og systematisering av egne og andre sine erfaringar.
- Det vil og bli lagt vekt på at mindre synlege pasientgrupper, og pasientgrupper som i mindre grad er i stand til å ta vare på egne interesser, er representert. Dette er til dømes etniske minoritetar og barn og unge.
- Representantane skal vere geografisk jamt fordelte i regionen, det skal vere tilnærma lik fordeling mellom kvinner og menn, og det skal vere ei rimeleg alderssamansetting.

I tråd med desse kriteria inviterer vi fylkeseldreråda i regionen til å føreslå ein brukarrepresentant med vara til det regionale brukarutvalet i Helse Vest for perioden januar 2017 til januar 2019.


Det blir sendt ut tilsvarande brev til organisasjonane nemnt under prinsipp for samansettinga av det regionale brukarutvalet i Helse Vest.

Frist for å sende inn forslag er 3. oktober 2016.

Vennleg helsing



Ivar Eriksen  
eigardirektør



Kristin Osland Lexow  
rådgivar

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: [post@helse-vest.no](mailto:post@helse-vest.no)

Vedlegg:

1. Styresak 009/12 Samansetting av regionalt brukarutval
2. Brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest – retningslinjer for brukarutval